



PERSTUGU

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Perstugu låg i Nordherad ovanfor Ulsanden, like nord for Græske-Karis plass. I 1865 er Ole Hansen Skultbakken med familie oppgjeve å bu i Pederstuen, dette kan da vera her. Ved barnefødsjar både før og etter budde dei i Sønstlien, og i 1875 var dei i Ramen. Men Ole var tenestkar på nordgard Sandnes både i 1867 og 1875, så det kan vera at dei ei stutt tid har budd ved Ulsanden.

I 1874 festa Hans Vistekleiven Pederstuen i Nordherad statsalmenning. Familien budde før dette i Bjørviken, og kan ei stutt tid ha budd i Perstugu.

Seinare budde Per Sveinsson 1835-1921 i Perstugu, han var fødd på Skultbakken. Per vart kalla Kampe-Per og Perstugu vart såleis også kalla Kampestugu. Per vart i 1867 gift med Kari Syversdotter 1836-1916 i søre Vike i Lom, ho hadde dottera Kari f. 1863 som flytte til Amerika 1884. Per og Kari budde i 1875 i ei stugu som heitte Klufte ved Ekle i Vårdalen, dei hadde saman barna

Hans 1870-1870

Mari 1872-1960, gift med Iver Heggerusten 1881-1968 (seinare Vollheim)

Mari hadde før ekteskapet sonen Hans Olsen 1894-1975

Anne f. 1875, gift 1905 med Ole Eriksen Jøndalen Moen

I 1900 budde familien i føderådshus på søre Ulsanden, og seinare var dei i Kvitulen før dei som gamle var hjå dottera Anne i Nyhus.

*Kjelder: Jon Kolden 2000: Bygdabok for Lom 1, s. 223
Kari Bakke Storvik: Stadnamnprosjekt
Folketelling 1865, 1875, 1900
Utskrifter festekontrakter
Utskrifter kyrkjebok for Vågå
Anna Randen: munnleg fortalt*